



Kø framfor billettuka – teltet vart nesten fylt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arnardo held stilen i sin 59. sesong og med generasjon nummer tre i ansvarleg posisjon. Publikum fylte så å si dei 1.500 stolane under framsyninga på Rabben Camping torsdag kveld og trulig gikk ingen misnøgde heim. Det var ei fengende framsyning. Standarden var svært høg, høgre enn i fjor, sjølv om ikkje alle numra fortente terningkast fem eller seks.**

Norges eldste sirkus balanserer elegant mellom tradisjon og fornying.

Dei tyngste gjengangarane er familien Gärtners elefantar, som i fjor vandra over Dønhaug på 17. mai men som denne gongen heldt seg i teltet.



Den kinesiske løvedansen var eit høgdepunkt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei annan slagar som aldri blir for gamal men som enno ikkje er avslørt (?) er dama i torturboksen som (skulle ein tru) får ei handsaming på grensen til det utålelege. Denne gongen er det tredje generasjon Arnardo som utfører nummeret og Are har Paolina som objekt.



Familien Gärtner kom med elefantane sine denne gongen og, men i år var dei i teltet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Numre med hestar og hundar kjem ein ikkje utanom og denne gongen var ponniane litt for tradisjonelle medan showet med hundar i alle storleiker låg på eit høgt nivå.

Det gjorde også fleire av dei akrobatiske numra, til dømes det med dei tre russiske karane som presterte ein krysning mellom turn på bom og linedans. Også Duo Acrobalance imponerte med sin utrulege kraftprøve i sakte kino medan rulleskøyteduoen gjorde sitt beste for å gjera sentrifugalkrafta uaktuell! Forestillingens trapestrio lå også klart over gjennomsnittet blant dei høgtflygande i bransjen.

Men det høgste terningkastet går til dei kinesiske akrobatane med sin løvedans. Dei optrådte med ein slik utruleg presisjon og balansekunst at ein berre måtte gje seg over. Importen av det utruleg tradisjonsrike nummeret er eit scoop av Arnardo.

Ellers er det ikkje så ofte at klovnanen på sirkus fortener ein spesiell omtale, men det gjer Jimmy. Han var ei heil sirkusframsyning aleine, særleg med sitt tallerkeshow med deltaking av fire frå publikum.

Ellers stig forventningane framfor møtet med NRK-serien om Arnardo som skal sendast neste år. TV-teamet sikra seg i går fleire vakre opptak frå Uskedalen, også med Arild Arnardo og Rabben-vert Steinar Myklebust i hovudrolla. Dei hadde ein fin tur på fjorden der dei fiska opp krepseteinar og vart foreviga av NRK-fotografen.

Ellers var senior-direktøren særst nøgd med vitjinga i Uskedalen også denne gongen, ikkje minst med at teltet var så godt som fyllt.

Men det har det ofte vore i Uskedalen opp gjennom åra, opplyste han.

- Dette er ein god speleplats for oss, sa han til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Det tok berre ein god halvtime å få opp teltet, slik at det nesten konkurrerte med Ulvanåso. (Foto: Steinar Myklebust)